

Møteinkalling

Utval: **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre**

Møtestad: Gloppen hotell

Dato: 27.02.2017

Tidspunkt: 09:00

Velkommen til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sitt første styremøte i 2017!

Vi ser fram til å møtast i Gloppen denne gongen. <http://www.gloppenhotell.no/heim/>
Vi får servert god lunsj.

Møtepapira vil også ligge på nasjonalparkstyret sine heimesider, der også det førebels arbeidsdokumentet til forvaltningsplanen ligg, samt oppsummering av innkomne innspeil til planarbeidet. www.nasjonalparkstyre.no/jostedalsbreen

Eventuelt forfall må meldast snarast til nasjonalparkforvaltaren. For Stryn kommune møter Kari Synnøve Muri for Sven Flo. Andre vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Vel møtt!

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 1/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/17	Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 3/17	Orienterings- og drøftingssakar		
RS 1/17	Jostedalsbreen nasjonalpark - klage på vedtak om løyve til sti og utkikkspunkt i Briksdalen opp mot Kattenakken		2016/3321
RS 2/17	Jostedalsbreen Nasjonalpark - Briksdalen - løyve til sti og gangbru - trekking av saka		2016/3321
RS 3/17	Avvisning av klage - klage på vedtak om oppføring av ny selvbetjeningshytte på Sunndalssetra		2016/641
RS 4/17	Miljødirektoratet har inngått rammeavtale for kjøp av verneskilt - informasjon om avtalen og bestilling og kjøp av verne- og underskilt		2017/150
RS 5/17	Rapport for helikoptertransport til Flatbrehytta sesong 2016		2014/1396
ST 4/17	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til restaurering av Haraldselet på Sunndalssetra - Sverre Guddal		2017/747
ST 5/17	Jostedalsbreen nasjonalpark - prioritering av tiltaksmidlar for 2016		2016/4136
ST 6/17	Jostedalsbreen nasjonalpark - prosjektplan for besøksstrategien		2016/4095
ST 7/17	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - drøftingssak - revidering av forvaltningsplan - februar 2017		2013/4971

ST 3/17 Orienterings- og drøftingssakar:

1. Miljødirektoratet har saka om DNT-hytte på Sunndalssetra til klagehandsaming, og ønskjer å samle inn mest mogeleg informasjon før dei tek ei avgjerd i saka. Dei ber om synfaring så snart området er farbart. Alle partane blir invitert til synfaring i mai, samt leiar og nestleiar i styret.
2. Vibeke Johnsen vart i desember endeleg formelt godkjent av Miljødirektoratet som vara for Jarle Aarvoll, Sogndal kommune.
3. Endelege møtedatoar for nasjonalparkstyret for 2017.
4. Opning i Svidalen av dei fire første toppturparkeringsplassane i Jølster laurdag den 4. februar.
5. Eigaren av tre bygg på Sunndalssetra er i prosessen med å søkje midlar og planlegge restaurering/nybygg. Dette gjeld m.a. riving og oppattbygging av den gamle turisthytta. Dette vil truleg styret få på bordet før sommaren.
6. Møte i Stryn med grunneigarar og kommunen om opprusting av den gamle driftvegen til Storesetra. Sven Flo deltek på møtet med SNO/forvaltar.
7. Førespurnad kring steinras på ein sti opp Fosdalen, der det no er vanskeleg å komme fram med sau. Forvaltar/SNO drar på synfaring når det er farbart i juni.
8. Forvaltar og SNO deltok på dialogmøte med reiselivet, etter invitasjon frå Luster kommune. Nær 50 frammøtte, der tre nasjonalparkar, kommunen, Verdsarven og Visit Sognefjord fortalte om aktuelle tema.
9. I desember var forvaltar på møte med Vegvesenet, der dei planlegg eit stort krabbefelt opp mot tunnellinngongen i Kjøsnesfjorden. Nasjonalparkstyret gav, i 2015, innspel om at omsyn til den nyrestaurerte turstien til Lundeskaret måtte takast i planarbeidet.
10. Det er komme nye, oppdaterte satsar på møtegodtgjersle.

ST 1/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 2/17 Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll

ST 3/17 Orienterings- og drøftingssakar

RS 1/17 Jostedalsbreen nasjonalpark - klage på vedtak om løyve til sti og utkikkspunkt i Briksdalen opp mot Kattenakken

RS 2/17 Jostedalsbreen Nasjonalpark - Briksdalen - løyve til sti og gangbru - trekking av saka

RS 3/17 Avvisning av klage - klage på vedtak om oppføring av ny selvbetjeningshytte på Sunndalssetra

RS 4/17 Miljødirektoratet har inngått rammeavtale for kjøp av verneskilt - informasjon om avtalen og bestilling og kjøp av verne- og underskilt

RS 5/17 Rapport for helikoptertransport til Flatbrehytta sesong 2016



Arkivsaksnr: 2017/747-0

Saksbehandler: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 14.02.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	4/17	27.02.2017

Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til restaurering av Harald-selet på Sunndalssetra - Sverre Guddal

Innstilling frå forvaltar

I medhald av verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, punkt 1.3, første ledd, gir nasjonalparkstyret med dette løyve til Sverre Guddal for å restaurere og endre på selet til Gnr/bnr 14/6, også omtalt som «Harald-selet» på Sunndalssetra i Stryn kommune.

Løyvet til ombygging gjeld på følgjande vilkår:

- Flytte inngangsdøra til den sørvestre kortveggen, inn i det som i dag fungerer som vedskjul. Vedskjulet skal ikkje utvidast eller endrast.
- Der den noverande døra er plassert før ombygging, skal eit nytt vindauge setjast inn, lik vindauge som er på same veggen frå før. Vindauge i selet skal ikkje utvidast frå dagens storleik, og dersom vindauge skal bytast ut, skal dei nye ha småruta glas, slik som byggeskikken på Sunndalssetra er.
- Taket skal få nytt tekke, anten i form av torv, eller bølgjeblikk.
- Kledninga på selet skal bytast ut, frå ståande til liggjande kledning. Materialet kan være ubehandla/grånande, eller mørkt brunt, liknande dei andre, opphavlege selna. Kledninga skal *ikke* være av typen «villmarkspanel».
- Dersom muren skal utbetrast, må den framleis være forblenda av den opphavlege gråsteinsmuren.
- Alt avfall skal fraktast ut av nasjonalparken. Reint, ubehandla (**umåla**) trevirke kan brennast i omnene, eller på nærmare bestemt plass, i samråd med forvaltar. Material som trengs til tiltaket skal lagrast forsvarleg, og det som ikkje vert brukt skal fraktast ut att av nasjonalparken.

Dette løyvet gjeld til og med år 2019. Rapport og bilete vert sendt nasjonalparkstyret ved avslutta prosjekt.

Søknad om løyve til frakt av material med motorisert ferdsel må sendast nasjonalparkstyret i god tid (tre veker) før planlagt flyging.



Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad med teikning frå Sverre Guddal datert den 18.01.2017, samt telefonsamtale.
- Bilete frå nyare og eldre tid frå Sunndalssetra.
- Uttale frå Stryn kommune v/ Borghild Guddal den 19.01.2017.

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark
- Lov om bevaring av naturens mangfold (naturmangfoldlova)
- Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Skjøtselsplan for Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Jostedalsbreen nasjonalpark

Lovgrunnlag

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er i forskrifa datert den 25. oktober 1991 omtala slik:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

I Jostedalsbreen nasjonalpark er landskapet verna mot alle inngrep (verneforskrifta § IV, punkt 1.1). I punkt 1.2. står det at eksisterande bygningar og annlegg m.v. kan haldast ved like i tråd med byggeskikkja på staden, men ikkje endrast, byggjast om eller utvidast (...). Forvaltningsstyremauka kan gi løyve til å bygge, ombygge, utvide, eller endre bygningar m.m. som nemnd under punkt 1.2. Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggjeskikk på staden og tilpassast landskapet i området (verneforskrifta § IV, punkt 1.3).

Stølsmiljøa i Jostedalsbreen nasjonalpark er ein viktig del av landskapsbiletet, og tiltaket skal difor også vurderast etter dei «miljørettslege prinsippa» i §§ 8-12 i naturmangfoldlova (nml.), jf. nml. § 7, og føremålet med nml. (§ 1): «*Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved berekraftig bruk og vern (...)*».

Søknaden

Sverre Guddal eig selet på Sunndalssetra som også blir kalt «Harald-selet», tilhøyrande gard nr 14, bruk nr 6 i Stryn kommune. I søknaden skriv Sverre Guddal: *Det er foretatt en vurdering av selet, og det må foretas utbedringer som følge av lekkasjer i tak, råte rundt vinduer og dører. Utvendig kledning er også skadet og har råte mot bakkenivå.*


Han skriv vidare at han ønskjer å restaurere selet ved å:

- flytte inngangsdøra frå dagens plassering til det gamle påbygget, som i dag fungerer som vedskjul. Vedskjulet skal, jf. teikningane, ikkje utvidast eller endrast.
- utbetre fundament og tak slik at utsjånaden på selet blir ivareteke.



- Ta av den ståande, raudmåla kledninga, og leggje på liggjande kledning, slik at det blir meir opphavleg, då selet er eit gammalt laftebygg.


Vedlagt søknaden er også teikningar av korleis tiltaket vil sjå ut når han er ferdig. Guddal skriv til slutt i søknaden at han ønskjer snarleg svar, slik at han kan setje i gong med tiltaket våren 2017.



Forvaltar og søker har også snakket saman på telefon for å utdjupe søknaden. Årsaka til at han ønskjer å flytte døra er for å unngå dei store mengdene snø som kan blokkere og ise til døra om vinteren. Det vil også være meir effektiv utnytting av den innvendige plassen.

Der døra i dag er plassert ønskjer Guddal heller eit identisk vindauge som det på den andre langenden av veggen, sjå biletet. På telefonen opplyser han om at dersom dei nedste delane av veggen også er øydelagd av fukt, ønskjer han å bytte ut disse. På spørsmål om kva type overflatebehandling av kledninga seier Guddal at han ønskjer å ha ein mørk brun eller grå farge, anten beis, måling eller tjære.

Val av takmateriale har han ikkje konkludert med enno, men ønskjer å tilpasse materiale til liknande som er nytta av resten av seterbygningane, ev ta av taket og reparere lekkasjene, for deretter å legge opp att det gamle taket på nytt.



Borghild Guddal, avdelingsingeniør i Stryn kommune, skriv dette i si uttale den 19. januar om tiltaket: *Selet til gbnr. 14/6 er ikke teke med i kommunedelplan for bygningsvern i Stryn kommune. Kommunen har ikke motteke søknad om restaurering av selet, og etter det eg kan sjå, er det truleg ikke søknadspliktig etter plan- og bygningslova.*

Forvaltar har spurt søker om han ønskjer å søkje Kulturminnefondet, eller få råd om andre stader å søkje restaureringsmidlar, og tilbydt seg å skrive eit følgjebrev frå nasjonalparken dersom det skulle være aktuelt.

Vurdering

Med grunnlag i verneføremålet for Jostedalsbreen nasjonalpark er det viktig å ta vare på stølsmiljøa, som til dømes på Sunndalssetra. I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark er retningslinja for kulturminne og bygningar omtala slik: «*Hindre at kulturminne og verdfullt kulturlandskap vert øydelagde av inngrep og slitasje. Dersom det er ønskjeleg skal verdfulle kulturminne, kulturlandskap og bygningsmiljø i Jostedalsbreområdet takast vare på gjennom restaurering.*»



Stølsmiljøa er såleis ein del av vernegrunnlaget for Jostedalsbreen nasjonalpark.

Kunnskapen om kulturmiljøet og kulturlandskapet rundt stølane er god, og forvaltar er godt kjent på Sunndalssetra (jf. nml. § 8). Ein føresetnad for å oppretthalde kulturlandskapet er at stølsområda er i bruk. Det er difor viktig å halde ved like bygningane for å oppretthalde kulturlandskapet (jf. nml. § 8). Sverre Guddal er ein av dei få som framleis fører kyra sine til Sunndalssetra kvar sommar. Han nyttar selet til næringa si.

Det av søknaden som forvaltar vurderer er omfatta av omgrepene «restaurering» er hovudsakleg tilbakeføringa av kledninga frå ståande til liggjande. Flytting av ytterdøra er ikkje restaurering, men endring, men forvaltar vurderer at det ikkje er i strid med det forskrifa seier er *byggeskikken på staden*. Selet skal ikkje utvidast. Jf. gamle bilete frå 1960-talet har Harald-selet hatt ein veranda og eit stort vindauge på den nordaustre kortveggen ein god stund. Plankegerdet langs langveggen er derimot *ikkje* i tråd med byggeskikken på staden, men på spørsmål frå forvaltar om sokjar kunne vurdere å fjerne dette i samband med tiltaket, ønskja han ikkje det. Både takplater av den bølgja typen og torv er material i tråd med byggeskikken på staden. Sverre Guddal ønskjer å satse på platetak, då vekta på ev torv ville kravd store forsterkingar på bygget.

Tiltaket er ikkje venta å føre til belastning på økosystemet (jf. nml. § 10). Tvert i mot er den aktiviteten knytt til stølsmiljø sterkt ynskjeleg å ha for å oppretthalde kulturlandskapet, særleg for ein som framleis nyttar selet sitt til landbruksnæring.

Jamfør nml. § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar, bør det setjast vilkår om at det raudmåla, og ev anna overflatebehandla trevirket, og anna avfall som blir til overs, skal fraktas ut av nasjonalparken, og at det ikkje skal ligge att materiale eller anna utanfor selet etter at arbeidet er gjennomført. Reint, ubehandla (altså **umåla**) trevirke kan brukast som brensel i omnene i selet. Kostnadane ved miljøförringing er lite aktuelt i dette tilfellet (jf. nml. § 11), anna enn at all den raudmåla kledninga og dei gamle delane av taket må flygast ut med helikopter, noko som er fordyrande for prosjektet.

Sverre Guddal har ikkje søkt om løyve til helikoptertransport av material, men ønskjer å søkje på eit seinare tidspunkt når han veit meir om omfanget.



Arkivsaksnr: 2016/4136-0

Saksbehandler: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 17.02.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	5/17	27.02.2017

Jostedalsbreen nasjonalpark - prioritering av tiltaksmidlar for 2017

Innstilling frå forvaltar

Med bakgrunn i totalsummen på kr 700 000,- i tildelte tiltaksmidlar frå kapittel 1420, post 31 over statsbudsjettet, til Jostedalsbreen nasjonalpark 2017, og nasjonalparkstyret sin vedtekne tiltaksplan frå møtet i desember, foreslår sekretariatet denne fordelinga av midlar:

Restaurere den gamle driftevegen i Erdalen	kr 610 000,-
Rydding av sti frå Bøyadalen, prosjekt	kr 25 000,-
Breturkartet	kr 15 000,-
Utarbeidning av plan for uttak av gran	kr 30 000,-
Utbetring av parti til Flatbrehytta	kr 10 000,-
Ny port i Krundalen	kr 10 000,-

SUM kr **700 000,-**

Mindre endringar i fordelinga kan sekretariatet vurdere om det skulle dukke opp nye moment/endra føresetnadar på dei enkelte prosjekta. Forvaltar bør rádføre seg med styreleiar dersom det er større endringar på kort varsel, eller dersom ikkje er kapasitet til å følgje opp alle prosjekta. Styret blir fortløpende orientert om prosjekta under styremøta.

Viss det dukkar opp trong for midlar til nye, større tiltak utover sommaren kan nasjonalparkstyret v/ sekretariatet be om om ekstra løvingar i supplerande tildelingsrunder. Dette gjeld også 21-posten som gjeld midlar til forvalningsplan/besøksstrategi.

Saksopplysningar

I styremøtet den 2. desember 2016 vedtok Jostedalsbreen nasjonalparkstyre den reviderte tiltaksplanen som gjeld for åra 2014-2017. På bakgrunn av prioriteringa i



tiltaksplanen sendte sekretariatet inn følgjande liste til Miljødirektoratet innan fristen den 8. januar:

Oversikt over alle tiltak						
Pri.	Navn	Tiltakskategori	Tiltakstype	Verneområde	Øk. ansvarlig	Beløp
1	Restaurere den gamle driftvegen i Erdalen	Restaurering	Skjøtsel i tilknytning kulturminner	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	590 000
2	Oppgradere stien til Tuftebresteinen	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Lokalt SNO	90 000
3	Ferdselsteljar på Skålastien	Kartlegging	Annem kartlegging	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Lokalt SNO	0
4	Ferdselsteljar andre stader	Kartlegging	Annem kartlegging	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Lokalt SNO	0
5	Rydding av sti fra Bøyadalen til Kvitesteinsvarden	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	30 000
6	Breturkartet	Tilrettelegging og informasjon	Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	15 000
7	Plan for kartlegging og fjerning av gran	Uttak av introduserte arter	Uttak av fremmede planter	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	25 000
8	Prosjekt brefunn	Kartlegging	Annem kartlegging	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	20 000
9	Utbetring av parti langs stien til Flatbrehytta	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	10 000
10	Ny port i Krundalen	Tilrettelegging og informasjon	Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	10 000
11	Nye løveskilt	Annet	Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Lokalt SNO	0
12	Jeg går en tur med kua	Tilrettelegging og informasjon	Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	10 000
						800 000

Tidelingsbrevet frå Miljødirektoratet kjem den 1. mars. Forvaltar har likevel blitt opplyst på telefon om kva som nasjonalparkstyret blir tildelt av midlar for inneverande år, slik at styret kan ta stilling til endeleg prioritering i februar-møtet. Styret bad om 800 000,- til tiltak.



Tiltaket om oppgradering av stien til Tuftebresteinen har styret prioritert som nr 2 i tiltaksplanen. Det har også Miljødirektoratet innvilga, og dei 90 000,- blir sett på SNO Jostedalsbreen sin konto, då Anne Rudsengen er ansvarleg for dette tiltaket. Derfor er dei midlane også tiltaksmidlar til nasjonalparken, men ikkje synleg på tildelinga til styret.

Når det gjeld prosjekt brefunn, så har disse midlane blitt sett inn potten for styret si drift/utgifter til forvaltningsplan, då Miljødirektoratet vurderte at dette bar meir preg av kartlegging enn tiltak.

Formidlingsprosjektet som heiter *Eg går ein tur med kua* er blitt stroke frå tildelinga, då Miljødirektoratet vurderte det til å falle utanfor postføremålet.

Det er sannsynleg at det blir midlar til overs frå utbetringa av stien til Flatbrehytta og frå bygging av porten i Krundalen. Disse kan ev nyttast til strakstiltak dersom det dukker opp t.d. ei øydelagd bru ila våren. Det kan også være at utarbeidinga av ein plan for uttak av gran kan bli dyrare.

Nasjonalparkstyret har fått kr 240 000,- til drift via kapittel 1420, post 21 på statsbudsjettet. I 2016 brukte styret mykje meir midlar til drift enn budsjettet. I tillegg har styret fått kr 50 000,- til forvaltningsplanarbeid/ besøksstrategi. Det trengs sannsynlegvis supplerande midlar til sistnemnte, avhengig av omfanget av omfanget av besøksundersøkinga.



Arkivsaksnr: 2016/4095-0

Saksbehandler: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 13.02.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	6/17	27.02.2017

Jostedalsbreen nasjonalpark - prosjektplan for besøksstrategien


Innstilling frå forvaltar

Vedlagt ligg framlegg til prosjektplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark sin besøksstrategi. Styret drøfter prosjektplanen, og vedtek den som førande i arbeidet. Besøksstrategien skal være ferdig vedteke innan utgongen av 2020.



Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre

Prosjektplan for besøksstrategi Jostedalsbreen nasjonalpark



Handsaming i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre den 27. februar 2017.



**Jostedalsbreen
nasjonalpark**



Føremål

Føremålet med å utarbeida ein besøksstrategi er å få ein heva kvalitet på besøksforvaltninga i Jostedalsbreen nasjonalpark. I besøksforvaltninga skal ein sikre at naturverdiane og kulturverdiane i verneområda blir tatt vare på, samtidig som områda skal kunne brukast til aktiv landbruksdrift og friluftsliv. Det skal vidare leggjast vekt på ei betre oppleving for dei besøkjande i verneområda. Samla sett kan dette gje auka moglegheit for verdiskaping for lokalsamfunna i og rundt verneområdet.

Målsetting:

- Å ta vare på naturverdiane i nasjonalparken og i randområda
- Å gje dei alle besøkande ei betre naturoppleving
- Å bidra til auka verdiskaping i bygdene rundt breen

Bakgrunn

Klima- og miljødepartementet har sett som krav at alle verneområde i Norge skal ha utarbeidd besøksstrategi for innan utgongen av år 2020. Miljødirektoratet har utarbeid ein rettleiar for besøksforvaltning i norske verneområde. I rettleiaren er det sagt korleis forvaltningsmyndet skal bruke besøksforvaltning som verktøy i ei strategisk og god forvaltning av verneområda, slik at opplevinga for dei besøkjande og den lokale verdiskapinga skal bli størst mogleg, samtidig som forståinga for vernet aukar og verneverdiane vert ivaretatt.

I fylgje vedtekten til nasjonalparkstyret har styret ansvaret for å utarbeide ein besøksstrategi som del av forvaltningsplanen, eller som vedlegg til forvaltningsplanen. Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark er under utarbeiding, og arbeidet med forvaltningsplanen er planlagt å foregå parallelt med utarbeidinga av besøksstrategien. I forvaltningsplanen vil reiseliv og friluftsliv bli omtalt i samanheng med besøksforvaltninga, der tema rundt bruk og vern blir diskutert. Det er naturleg at besøksstrategien blir eit eige kapittel i forvaltningsplanen.

Merkevarestrategien for verneområde i Norge skal takast i bruk i alle verneområde. Den nasjonale målsettinga for merkevarestrategien er:

- fleire besøkjande,
- større verdiskaping
- god forvaltning av naturverdiane

Det skal vera ein felles visuell profil for alle aktørane under merket. Andre aktørar er t.d. nasjonalparksentra eller nasjonalparkkommunar. Besøksforvaltning og besøksstrategi skal sikra ei god iverksetting av merkevarestrategien og den visuelle profilen. Det skal vera med å sikra høg kvalitet i informasjon og tilrettelegging.

For å få ein god besøksforvaltning, må nasjonalparken sjåast i samanheng med kommunal forvaltning, næringsaktørar og resten av reiselivet rundt verneområdet. Det er difor viktig med godt samarbeid med forvaltningsmynda utanfor verneområda.



Kva er ein besøksstrategi?

I rettleieren for besøksstrategi i norske verneområde vert det lagt følgjande definisjon til grunn:

Besøksforvaltning. Å legge til rette for og styrke bruken av en nasjonalpark slik at opplevelsen for de besökende og den lokal verdiskapingen blir størst mulig, forståelsen for vernet økes og verneverdiene ivaretas.

Besøksstrategi. En besøksstrategi er en plan for hvordan forvaltningsmyndigheten vil gjennomføre besøksforvaltningen for verneområdet. Besøksstrategien skal vise hvilke tiltak (informasjon, fysisk tilrettelegging, sonering, oppsyn etc.) som er nødvendige for å balansere verneverdiene, slik at en oppnår størst mulig nytte for alle tre interesser.

Prinsipp. Dersom det er motstridene målsettinger mellom ivaretakelse av verneverdiene, tilrettelegging for de besökende og lokal verdiskaping, skal ivaretakelse av verneverdiene tillegges størst vekt.

Prosjektmål

- Ivareta verneverdiene og auke kunnskapen om verneverdiene i området.
- Auke forståinga for vernet og verneverdiene hos innbyggjarar, reiselivsverksemder og besökjande.
- Utvikle mål for ulike delområde i og i randområda av nasjonalparken.
- Legge til rette for betre samhandling mellom reiselivsverksemndene, destinasjonselskap og ulike forvaltningsorgan.
- Ta i bruk merkevarestrategien for verneområde i Norge.
- Legge til rette for å auke verdiskapinga i tilknyting til nasjonalparken.
- Tilrettelegging med informasjon og fysiske tiltak for å gje dei besökjande betre opplevelingar.
- Sørgje for at Jostedalsbreen nasjonalpark er ein kjelde til naturoppleving både for dei mange og for dei få.

Kritiske suksessfaktorar

- Innhenting av tilgjengeleg og ny kunnskap om området innafor tilgjengelege ressursar (kapasitet på personell og økonomisk handlingsrom)
- Forankring og deltaking frå reiseliv og lokalsamfunn
- Finansiering av tiltak

Kunnskapsgrunnlag

Eit viktig grunnlag for utarbeiding av besøksstrategien er kunnskap om verneverdiene, reiselivsnæringa og dei besökjande. Kulturlandskapet er ein del av verneføremålet. Tradisjonell landbruksdrift er viktig og avgjerande for å ta vare på jordbrukskulturlandskapet, og kunnskapen om landbruksnæringa vil vere eit viktig kunnskapsgrunnlag.



Tema	Omtale	Status	Ansvar
Kartlegging, omfang av ferdsel	Ferdselsteljarar	Gjennomført ferdselstelling gjennom flere år, ønskjer flere tal	SNO (ferdselsteljar), nasjonalparkforvaltar
Besøksundersøking i område med tilrettelagte turstiar	Kartlegging av besökande med spørjeskjema i sjølvreg.kasser	Gjennomføre på utvalte stader sommaren 2017	Nasjonalparkforvaltar, SNO. Tenestekjøp?
Sårbarheitsanalyse	Område blir plukka ut på bakgrunn av kjennskap til område, og om områda er sårbare for ferdsel	Gjennomføre på utvalte stader sommaren 2017 og/eller 2018	Nasjonalparkforvaltar, SNO. Tenestekjøp?
Oversikt over tilrettelegging for friluftsliv	Oversikt over ulik bruk, omfang, eksisterande tilrettelegging og informasjonsskilt	Verneområdelogg, forvaltningsplan, tidlegare kartleggingar	SNO, Nasjonalparkforvaltar
Naturfagleg kunnskap	Oversikt tilgjengelege rapportar og registreringar. Avdekke manglende kunnskap		Nasjonalparkforvaltar, SNO. Tenestekjøp?

Jostedalsbreen nasjonalpark er landets mest besøkte nasjonalpark, og har mange innfallsportar og veldig stor variasjon på dei besökande. Det er, med andre ord, stor variasjon i kravet til tilrettelegging.

Under er framlegg til ei oversikt over kva slags metodar som vil kunne nyttast på dei enkelte stadane for at nasjonalparkstyret får eit best mogeleg kunnskapsgrunnlag. Denne oversikta må være fleksibel, men vegleiande, avhengig av kapasitet for gjennomføring.

Ferdselsteljar	Besøksundersøking	Sårbarheitsvurdering
Skåla/Sjingla	Bødalen	Austerdalen (tenestekjøp)
Sunndalen og/eller Kamperhamrane	Skåla	Langedalen (SNO/forvaltar)
Bergset/Tuftebresteinen	Austerdalen	Briksdalen - Kattanakk (tenestekjøp)
Erdalen	Sunndalen	Sti/morene Flatbrehytta
Kjenndalen?	Flatbrehytta	Mot Tuftebresteinen (SNO/forvaltar)
Lunde	Bøyabreen?	Skåla (tenestekjøp)



	Fra Bergset	Haugabreen (tenestekjøp)
	Haugabreen?	
	Kjenndalen?	
	Fåbergstølsbreen?	

Fleire viktige stader der ein manglar kunnskap? Lundeskaret/Oldeskaret/Brenndalen/Fåbergstølsgrandane/Syngesand//Befring/Fonn/Eldedalen/Supphelledalen/Mundalsstølen/Leirdalen, m.flere.

Interessentar og målgruppe

Det er mange aktørar i forvaltninga av norsk natur. I arbeidet med besøksstrategien er det viktig å få med interessentane i arbeidet. Det er aktørar både i det private og offentlege. Besøksstrategien vil bli betre, og fleire vil få eigarskap til den, dersom prosessen med utarbeiding av planen er god, og dei ulike interessentane blir ivaretakne.

Interessantar i arbeidet med besøksstrategi vil vere:

- Kommunane Luster, Sogndal, Balestrand, Jølster, Gloppen, Førde, Stryn og SF fylkeskommune
- Grunneigarar og rettshavarar i og i randsona av verneområdet
- Nasjonalparksentra: Breheimsenteret, Bremuseet og Nasjonalparksenteret i Oppstryn
- Villreinnemnda (både for området Grovabreen og for Reinheimen-Breheimen)
- Reiselivsaktørar og destinasjonsselskapa: Visit Sognefjord, Visit Nordfjord og Sunnfjord Næringsutvikling
- Turlaga: Luster turlag, Sogndal turlag, Indre Sunnfjord turlag, Indre Nordfjord turlag, Sogn og Fjordane turlag
- Andre frivillige organisasjonar innan jakt, fiske, friluftsliv og naturvern, t.d. representert ved Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane.
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Ulike faginstitusjonar, t.d. Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Bergen, Vestlandsforsking, m.fl.

Metodikk og medverknad

Det er gjennomført fleire bygdemøte i samband med forvaltningsplanen, der forvaltar, SNO og ulike styremedlem har delteke. Besøksstrategien vil bygge vidare på dette arbeidet og samordne møteaktivitet der det er naturleg. Medverknad vil elles bli gjennomført på følgjande måte:

- Fagleg rådgjevande utval, der lag og organisasjonar er representert.
- Medverknad frå lokalsamfunn (bygdemøte, deltaking på andre møte)
- Eigne temamøte med spesielle grupper; t.d. reiseliv, gardbrukarar, friluftsorganisasjonar
- Involvering av nasjonalparksentra i faste, årlege dialogmøte.
- Deltaking i andre type møte, som til dømes reiselivskonferansar, dialogmøte, m.m.



Prosjektansvarleg

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Styringsgruppe

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Mandat: overordna ansvar for prosjektet og prosjektresultat

Prosjektleiar

Nasjonalparkforvaltar Maria C. Knagenhjelm

Mandat: ansvarleg for gjennomføring og utarbeiding av besøksstrategi, sekretær for styringsgruppa.

Prosjektmedarbeidar

Statens naturoppsyn v/Anne Rudsengen

Mandat: bidra i arbeidet med utarbeiding av besøksstrategi og det som vert levert, t.d. sette opp besøkskasser. Bidra aktivt med innspel i prosjektarbeidet, og rapportere på enkelte punkt.

Referansegruppe

- Fagleg rådgjevande utval for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
- Administrativt kontaktutval for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Ressurspersonar/organisasjonar

Miljødirektorat

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Kulturavdelinga hos fylkeskommunen i Sogn og Fjordane

Høgskulen på Vestlandet

Tidsplan og milepælar for arbeidet

Aktivitet/Milepælar	Tidsplan	Ansvarleg	Gjennomførar
Vedtak om oppstart	02.12.2016	Nasjonalparkstyret	Forvaltar, nasjonalparkstyret
Vedta prosjektplan	27.02.2017	Nasjonalparkstyret	Forvaltar, nasjonalparkstyret
Sårbarheitsvurdering	27.02.2017 – 31.12.2018	Forvaltar	Forvaltar, SNO, fagmiljø
Brukarundersøking turstiar	01.03.2017 – 01.12.2018	Forvaltar	Forvaltar, SNO, tenestekjøp
Samanstilling av kunnskap om området	01.03.2017 – 31.12.2018	Forvaltar	Samarbeid med SNO
Gjennomføre lokale møter og deltaking på andre møte	01.02.2017 – 31.12.2019	Forvaltar	Kople dette med forvaltningsplanen



Lage tiltaksplan	01.01.2018 – 01.11.2020	Forvaltar	
Utarbeide besøksstrategien	2018-2019	Nasjonalparkstyret	Forvaltar
Besøksstrategien på høyring i lag med forvaltningsplanen	2019	Nasjonalparkstyret	Forvaltar, nasjonalparkstyret
Vedtak av besøksstrategien som eit kapittel i forvaltningsplanen	2019/2020	Nasjonalparkstyret	Forvaltar, nasjonalparkstyret
Endeleg godkjenning hos Miljødirektoratet	2020	Miljødirektoratet	Miljødirektoratet
Prosjektere og gjennomføre tiltak	Løpende	Forvaltar	Samarbeid med SNO

Budsjett og finansiering

Aktivitet/tiltak	2017	2018	2019-2020	Merknadar
Kulturminnekartlegging				Mykje er allereie gjennomført
Sårbarheitsvurdering	200 000	150 000		Tenestekjøp og eigeninnsats
Brukarundersøking stiar	100 000	100 000		Eigeninnsats og tenestekjøp
Supplerande kunnskapsinnhenting: kartlegge reiselivet, kartlegge næring	30 000	30 000		Noko allereie gjennomført
Prosess med involvering av interessegruppene	30 000	30 000	30 000	
Utarbeide besøksstrategi				
Godkjenne mål, strategi og tiltaksplan				
Tilrettelegging innfallsportar og reisemål/turmål	Jf. tiltaksplan		Større beløp	
SUM	360 000	310 000		

Dei budsjetterte tala er ikkje kvalitetssikra, og er eit grovt overslag. Finansieringa skjer ved eigeninnsats frå forvaltar, med hjelp frå SNO, samt med årlege tiltaksmidlar til forvaltningsplanarbeid/ besøksforvaltning og tiltaksmidlar.



Vidare arbeid med besøksforvaltning

Den vedtekne besøksstrategien vil være førande for det vidare arbeidet med besøksforvaltning i Jostedalsbreen nasjonalpark. Det vil være noko lågare aktivitet på tiltak i den tida arbeidet med besøksstrategien blir gjennomført. Men deretter kan vi få eit høgare aktivitetsnivå, både på tilretteleggingstiltak og aktivt informasjonsarbeid i åra som følgjer.

Nasjonalparkstyret vedtek tiltaksplanen for 4 år i gongen, men den blir rullert årleg.



Arkivsaksnr: 2013/4971-0

Saksbehandler: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 13.02.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	7/17	27.02.2017

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - drøftingssak - revidering av forvaltningsplan - februar 2017

Innstilling frå forvaltar

Saka vert lagt fram med eit delvis planutkast til drøfting.

Saksopplysningar

Forvaltningsplanen er kanskje den viktigaste jobben eit nasjonalparkstyre bør følgje opp, noko vedtekten understrekar. Styret har bedt forvaltar prioritere dette arbeidet. Arbeidet med forvaltningsplanen har likevel teke lenger tid enn planlagt. I den opphavlege framdriftsplanen skulle den ha vore ferdig og sendt ut i 2016. Årsaka til forseinkinga har vore manglende kapasitet hos sekretariatet, i konkurranse med andre oppgåver.

I vedlegget ligg utkastet til delar av forvaltningsplanen, slik den låg føre ved utsending den 3. februar. Her er ei oppsummering av dei enkelte delane:

Oppsummering	ikkje ferdig
1. Innleiing	ikkje ferdig
2. Naturmangfoldlova	ikkje ferdig
3. Historikk	ikkje ferdig
3.1 Verneprosess	ikkje ferdig
3.2 Historisk bruk av verneområdet	ikkje ferdig
3.3 Dagens bruk av verneområdet	ikkje ferdig
4. Kunnskapsstatus	under utarbeiding
4.1 Natur- og kulturgrunnlag (verneverdiar)	under utarbeiding
4.1.1 Geologi	utkast til styret den 27.02.17
4.1.2 Vassdrag	utkast til styret den 27.02.17



4.1.3	Klima	utkast til styret den 27.02.17
4.1.4	Planteliv	utkast til styret den 27.02.17
4.1.5	Dyreliv	utkast til styret den 27.02.17
4.1.6	Kulturminne og kulturlandskap	utkast til styret den 27.02.17
4.1.7	Friluftsliv	utkast til styret den 27.02.17
4.1.8	Undervisning og forskning	utkast til styret den 27.02.17
4.2	Truslar mot verneverdiane	ikkje ferdig
4.2.1	Innanfor verneområdet	ikkje ferdig
4.2.2	Utanfor verneområdet	ikkje ferdig
4.3	Overvaking og trøng for kartlegging	ikkje ferdig
5.	Forvaltning av Jostedalsbreen nasjonalpark	ikkje ferdig
5.1	Forvaltningsmål	ikkje ferdig
5.2	Bevaringsmål	ikkje påbegynt
5.3	Planlagde tiltak og skjøtsel	ikkje ferdig
5.4	Brukinteresser	under utarbeiding
5.4.1	Jakt, fangst og fiske	utkast til styret den 27.02.17
5.4.2	Friluftsliv	under utarbeiding
5.4.3	Jordbruk og skogbruk	utkast til styret den 27.02.17
5.4.4	Tekniske inngrep	under utarbeiding
5.4.5	Stølshus, hytter og andre bygninger	under utarbeiding
5.4.6	Motorferdsel	drøfta i styret i 2015
5.4.7	Reiseliv	under utarbeiding, besøksstrategi
5.4.8	Forskning	under utarbeiding
5.4.9	Formidling og undervisning	under utarbeiding
5.4.10	Ureining, avfall og støy	utkast til styret den 27.02.17
5.5	Rutinar for sakshandsaming	under utarbeiding
5.6	Naturoppsyn	under utarbeiding
6.	Litteraturliste	fortløpende
7.	Vedlegg	

Vurdering

Styret går gjennom det førebelse planutkastet under styremøtet, og drøfter/vurderer dei enkelte delane. Under møtet bør styret også kunne komme med innspel til kapittel som enno ikkje er ferdige, slik at sekretariatet kan arbeide vidare med disse innspela. Særleg disse tema kan være interessante:

- 4.2 Truslar mot verneverdiane (både innanfor og utanfor verneområdet).
- 5.4.2 Friluftsliv
- 5.4.4 Tekniske inngrep
- 5.4.5 Stølshus, hytter og andre bygninger



Forvaltar skal ha nye delar av forvaltningsplanen klar til aprilmøtet. Besøksstrategien skal inngå som eit vedlegg/eige kapittel i forvaltningsplanen. Ein oversikt over alle innkomne innspel frå bygdemøte og andre organ ligg på heimesida til styret som vedlegg til saka.